



Bjørn Olav Tveit, her i ei tidlegare markering i Rådhuset, har teke opp ei alvorleg sak (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen bryt opplæringslova fordi elevar frå språklege minoritetar har rett til særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Det hevdar leiar i Utdanningsforbundet i kvinnherad, uskedelingen Bjørn Olav Tveit i eit brev til kommunalsjef Asbjørn Skår. Kommunen må tilby alle tre typar opplæring, men tilbyr korkje morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring.**

Kommunen har heller ikkje, så langt Tveit kjenner til, søkt etter eigna undervisningspersonale.

Tveit peikar også på at omfanget av den særskilde norskopplæringa i innføringsklassa ved Husnes ungdomsskule ligg under minimumsnorma frå direktoratet. Vedtak om særskild språkopplæring blir gjort utifrå økonomiske rammer og ikkje utifrå elevane sine reelle behov.

Utdanningsforbundet meiner denne saka illustrerar korleis finansieringa

av skulane har nådd eit nivå der ein ikkje er i stand til å løyse alle dei lovpålagdr oppgåvene. Når Vaksenopplæringa ikkje lenger skal finansiera innføringsklassa skal må ungdomsskulen styre mot eit underskot for å halda oppe tilbodet. Det betyr at skulen ikkje er i stand til å løyse oppgåva innanfor vedtekne rammer.

Forbundet og kommuneadministrasjonen har ulike syn på nivået og kvaliteten på tilbodet til dei minoritetspråklege.. Spesielt alvorleg er det tilbodet ikkje tilfredsstillar lovkravet og fylkesmannen bør bli beden om å gjere ei vurdering av dette.

Av Ola Matti Mathisen